



## Notat

Dato: 05.12.2014  
Arkivsak: 2014/24097-2  
Saksbehandlar: jomragn

---

**Til:** Fylkesordføraren

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på interpellasjon "Elektrifisering av hamna i Bergen" frå Aud Karin Oen

Oen har stilt to spørsmål til fylkesordføraren på tingsetet 9 desember 2014

**Spørsmål 1:** Vil fylkesordføraren ta initiativ til og arbeide for å få til eit nytt spleiselag for vidare elektrifisering av Bergen hamn?

**Spørsmål 2:** Vil miljødifferensiert hamneavgift, der cruisetrafikken bidreg med deler av finansieringa av eit landstrømanlegg for cruise-båtane vera eit mogleg alternativ å arbeida for?

#### Svar på spørsmål 1

Som nemnt i interpellasjonen har fylkeskommunen alt vore med på eit spleiselag for å byggje eit pilotanlegg for landstraum i Bergen hamn, eit anlegg som etter planen skal vere klart for drift vinteren 2014/15. Bergen havn vil vere først i Norge med eit slikt landstraumanlegg. Men også båtane må klargjerast for å bli i stand til å ta imot straumforsyning frå land. Det er det førebels svært få som er. Fylkesutvalet løyvde 1,5 millionar kr til pilotanlegget, og 350.000 kr i Klimaplanen til «*Lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan*».

Hordaland fylkeskommune var Lead Partner for Nordsjøprosjektet Clean North Sea Shipping (CNSS), med Bergen og Omland Havnevesen som ein av partnarane. Bergen og Omland Havnevesen vidarefører prosjektet med følgjande tre konkrete mål:

- Lage miljøplan for sentrumsnære hamneområde for å redusere luftforureining og klimagassutslepp
- Lage prospekt for å bygge landstraum som tilbod til dei skipa som forureinar mest
- Vurdere differensierte hamneavgifter

Partnarane er Bergen kommune, GASNOR og BKK, og ei styringsgruppe frå partnarane. Arbeidet skal vere ferdig i mai 2015.

Gjeldande Klimaplan for Hordaland har ein delstrategi om at Landstraum skal vere eit tilbod ved kai i Bergen sentrum innan 2020. Fylkesordføraren meiner, også som president i Nordsjøkommissjonen, at satsing på landstraum til skip i Bergen hamn bør vere eit kontinuerleg satsingsområde framover, særleg med tanke på den spesielle giftlokk-problematikken i Bergen, der skip ved hamn kan utgjere betydelege bidrag til luftforureininga.

## Svar på spørsmål 2

Miljødifferensierte hamneavgifter kan vere eitt av fleire mogelege verkemidlar for å bidra til finansiering. Dette gjer fylkesordføraren rekning med vil bli utgreidd no i arbeidet med miljøplanen som er nemnt i svaret på spørsmål 1 over. Fylkeskommunen deltek i arbeidet med utarbeiding av miljøplanen. Det kan også vere andre metodar for å få til redusert utslepp frå skipsfarten som det kan vere aktuelt å sjå på. Fylkesordføraren synest dette er svært viktige ting å jobbe vidare med. I Klimaplan for Hordaland 2014-2030 er det også teke inn eit punkt om at Sjøfartsnæringa i Hordaland skal ta i bruk den mest klimavenlege sjøfartsteknologien, og skal innan 2020 vere den mest berekraftige sjøtransporten i verda.